



Gratulerer med kvinnedagen!

Marie Sneve Martinussen

Foto: Ihne Pedersen



*Den internasjonale kvinnetdagen er
ein dag for både kamp og feiring.
Takk til alle som har gått før oss,
gratulerer til alle som markerer
dagen og velkomne til alle som vil
vere med vidare!*

Fv.: Sofie Marhaug (2. nestleiar), Marie Sneve Martinussen (leiar),
Charlotte Therkelsen (1. nestleiar) / Foto: Ihne Pedersen

Grenselaust søsterskap

Når totalitære krefter vinn fram, trengst grenselaust søsterskap som motkraft verda over.

- Noreg må gjere meir for å avslutte Israels folkemord og okkupasjon av Palestina, der kvinner og barn er spesielt hardt ramma.
- Kvinne - liv - fridom: Solidaritet med kvinnekampen i Iran, Afghanistan og Rojava.
- Valdtakt blir brukt som våpen – vern kvinner i krig.
- Styrkte abortrettar verda over.

Velferdskutt rammar kvinner hardast

Kvinnehelse og fødetilbod blir nedprioritert og blir ramma av marknadsstyringa av helsevesenet. Det er også flest kvinner som har minstepensjon og minstesats for uføre og som derfor hamnar under fattigdomsgrensa. I tillegg svekker kutt i kommuneøkonomien krisesentera. Mange kvinner risikerer også å tape mykje dersom det blir kutta i sjukelønsordninga.

RAUDT JOBBAR FOR:

- Forsvarleg fødsels- og barselomsorg i heile landet – vekk med helseføretakmodellen.
- Auka minstesatsar for pensjon, uføre og AAP.
- Framleis full lønn under sjukdom, ingen kutt i sjukelønnsordninga.
- Å sikre økonomien til krisesentera.



Kvinner fortener betre arbeidsvilkår

Jobbane som blir gjort i kvinnedominerte sektorar er viktige og krevjande. Men dei blir ikkje verdsette med betre løns- og arbeidsvilkår. Det er for mange som jobbar deltid og må jakte vakter, det er for mykje innleige og for mykje stress. Mange jobbar helsa av seg og blir uføre eller kjenner seg pressa til å gå av tidleg med låg pensjon. Med dårleg økonomi, blir det vanskeleg å leve gode, sjølvstendige liv og bryte opp frå valdelege forhold. I tillegg går det ut over sjukefråvær og arbeidsmiljø innan sjukehus, barnehagar og andre velferdstenester.

RAUDT JOBBAR FOR:

- Auka grunnbemanning i staden for bruk av bemanningsbyrå innan helse, omsorg og oppvekst.
- Fleire forsøk med 6-timars dag.
- Lik løn for likt arbeid.



ER DU MEDLEM AV PARTIET DITT?

Skann QR-koden for å bli med eller
gå inn på: raudt.no/bli-med

